

Mottatt: 2011-05-11

Fra: OED1286@oed.dep.no

Til: Ingunn Jensen

Kopi:

Tittel: VS: Kraftlinja Mongstad -Kolsnes

Arkivert:

Prioritet: **normal**

Vedlegg:

Emne: Kraftlinja Mongstad -Kolsnes

Rassering av Haugland!

Er sterkt imot at dette naturfagre området vert rasert.

Tilbringer betydeleg del av tida mi i området der linja er tiltenkt.

For 15 år sidan bygde me, grunneigarane til Hauglands og Mykingsvatnet ein 60 – 70 meter lang veg med kai til

søreende av Hauglandsvatnet, der kor Stovleelva renn ut i Hauglandsvatnet.

Slik at funksjonshemma personar kan komma seg ned til vatnet m.a. for å fiska. For øvrig den einaste staden i denne

delen av kommunen kor funksjonshemma kan komma seg til ferskvatn.

Linja er tenkt 50 meter frå kaien, og vil rassera idyllen fulstendig.

Friluftskatedralen ved Mjåvasselva der det vert holdt gudstjeneste fleire gongar i året vert også rassert med 60

meter avstand til linja.

Heile området er unikt for friluftsliv og sannsynleg det mest brukta området utanom Solenfjellet på Manger.

Har ansvaret for ein post ved Ottertjørna. Kan dokumentera 75.000 besøk på denne posten berre sidan 1995.

For nokre år sidan brant det i området nord for Ottertjødna, der linja er tiltenkt.

Ein slektning av meg satt livet til under slokkingsarbeidet.

Han vart 26 år. Slike handlinger syner at folk har stor omsut for området.

Han gjorde det av di området betyr mykje for folket her.

Håpar at OD tar til vit og ikkje lar kortsiktig gevinst styra avgjera.

Skadane vert uopprettelege med svært negative sider.

Med helsing

Steinar Haugland

Eigar av grd 25 Haugland, bnr 8